

# Felles Veteranplan for kommunane

Utsira, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Sveio, Suldal, Sauda, Etne og Vindafjord

2024-2027

# Innhald

Innleiing.....	3
Mål.....	3
Innsatsområde.....	4
Innsatsområde 1 – anerkjenning og verdsetjing .....	4
Tiltak.....	4
Innsatsområde 2 – Ivaretaking av veteranar, born og familiar .....	5
Tiltak.....	5
Innsatsområde 3 – Oppfølging og omsorg .....	6
Oppfølging .....	6
Tiltak .....	6
Evaluering .....	6
Vedlegg 1:.....	7
Tiltaksoversikt.....	7
Vedlegg 2:.....	9
Veteranorganisasjonar og likepersonsarbeide.....	9
Vedlegg 3:.....	10
Forsvaret sitt tilbod .....	10
Vedlegg 4:.....	11
Oversikt over lokale kapasiteter.....	11
Oversikt over nasjonale kapasiteter .....	11

# Innleiing

Den felles veteranplanen for kommunane Utsira, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Sveio, Etne, Sauda, Suldal og Vindafjord skal spegle det viktige oppdraget veteranane har utført for fred og fridom gjennom sine internasjonale operasjoner.

Forsvarsdepartementet sin definisjon av Internasjonale operasjoner jfr. Stortingsmelding nr. 15 (2019 – 2020) Kapittel 3:

*«Internasjonale operasjoner omfatter i utgangspunktet enhver militær operasjon i utlandet som godkjennes av norske politiske myndigheter. Kjernen i en Internasjonal operasjon er bruk av militære styrker i utlandet for å skape, bevare eller gjenopprette fred og stabilitet. Dette omfatter ikke forsvar av Norge eller NATO-allierte. Videre avgrenses definisjonen mot annen tjeneste i utlandet eksempelvis deltakelse i militære øvelser og tjeneste ved stående internasjonale militære hovedkvarter og staber, og definisjonen omfatter bare operasjoner som krever bruk av militære styrker.»*

Deltaking i internasjonale operasjoner med personell fra Forsvaret, Justis- og Utenrikssektoren er ein viktig del av den norske forsvars- og tryggleikspolitikken.

Våre første veteranar frå internasjonale operasjoner, slik det vert definert i dag, var soldatane i Tysklandsbrigaden. I alt tenestegjorde ca. 50.000 norske soldatar i Tysklandsbrigaden og Tysklandskommandoen, den personellmessige største operasjonen. Deretter følger UNIFIL (Libanon) med 34.000 soldatar. Dei seinare åra har mange nye veteranar kome til etter mellom anna operasjoner på Balkan, i Afghanistan og i Mali.

Det er et samfunnsansvar å ivareta veteranar frå internasjonale operasjoner. Sidan 1947 har over 100.000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjoner. Dette omfattar ca. 120 operasjoner på fire kontinent. Det finnes også politiveteraner i våre kommunar, men tall på disse har vi ikke.

Denne interkommunale veteranplanen bygger på regjeringa sin oppfølgingsplan og målsettinga er å auke anerkjenninga, ivaretakinga og oppfølginga av norske veteranar.

## Mål

Mål for kommunane sin veteranplan:

- Verdsetje, ivareta og følge opp veteranane og veteranfamilien, både under og etter internasjonal teneste for Norge.
- Gjere det enklare for kommunane å fylle rollen som tenesteytar for veteranane og veteranfamilien sitt behov i lokalsamfunnet.
- Auke samhandling i kommunane og medverke til at veteranar og familiær blir møtt med gjennomgåande kompetanse og forståing.
- Fungere som eit heilskapleg opplysnings- og informasjonsdokument for veteranar, kommunen og lokalsamfunnet.
- Fremje veteranane som en ressurs i dette arbeidet generelt og i skulen spesielt.

Samarbeidskommunane har kome fram til tiltak som markerar ei vidareføring av kommunane sin veteranfokus og vil fungere som ein inspirasjon til vidare arbeid for å fremje veteranane si rolle i samfunnet.

# Innsatsområde

## Innsatsområde 1 – anerkjening og verdsetjing

Kommunen skal verdsette veteranane for den innsatsen dei har lagt bed gjennom si deltaking i internasjonale operasjoner. Det kan være ulike oppfatninger om grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette, fortunar den enkelte veteran verdsetjing og respekt for viljen til å risikere liv og helse for landet.

Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si verdsetjing av innsatsen og den enkelte veteran. Lokale markeringar er av betydning for å famne flest mogeleg og medverkar til å synleggjere at veteranar også er en del av lokalsamfunnet.

8.mai er Norges frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å anerkjenne veteranar frå andre verdskrig og samtidig trekke linjene frem til dagens veteranar. Minnesmerke etter falne frå andre verdskrig finnes i mange av landets kommunar. Ytterlegare finnes det også minnesmerke over falne og innsatsar frå nyare tid.

### Tiltak

#### *Markering av Frigjerings- og veterandagen 8. mai og FN dagen 24. oktober.*

Lokale markeringar er av betydning for å famne flest mogeleg og bidrar til å synleggjere at veteranar og er ein del av lokalsamfunnet. Det er ønskeleg at det blir årleg felles markering i kommunane saman med veteranforeininga i distriktet.

#### *Bruk av Veteranar sin kompetanse i nærmiljøet*

Veteranar frå internasjonale operasjoner er ein ressurs som kan anerkjennast ved at kommunane nytta kompetansen i nærmiljøet. For eksempel i samband med FN-dagen 24. oktober, eller der det passer med opplæringsplanar, bør skulene vurdere å nytte lokale veteranar i opplæringa. Dette vil synleggjere veteranane sitt bidrag i internasjonale operasjoner. Veteranforeiningane har utarbeidd lister med ressurspersonar.

## Innsatsområde 2 – Ivaretaking av veteranar, born og familiar

Kommunane er ansvarlege for at personar som er busett i kommunen skal få tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. For fastlegar og tilsette i kommunane sine tenesteområde vil det være viktig å vite at årsaka til fysiske og psykiske helseplagar kan være belastning eller skadar i tilknyting til internasjonale operasjonar, og når dette ligg langt tilbake i tid.

### Tiltak

#### **Veterankontakt**

For å kunne anerkjenne, ivareta og følge opp veteranar og deira familiar treng ein kunnskap om veteranane og deira utfordringar. Samtidig må ein vite kven som har kunnskap og kan være ein ressurs for kommunane, samt kven som kan bidra med kompetanseheving av kommunen sine tilsette.

Forsvaret oppfordrar kommunane til å utpeike ein veterankontakt. Denne vil være et viktig kontaktpunkt for veteranar, deira familie, samt andre aktørar innanfor veteranområdet

Kommunane som er omfatta av denne planen har ein felles Veterankontakt som har ansvar for å sikre årlege møtepunkt mellom kommunane og veteranane i regionen gjennom Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner, avdeling Haugalandet.

#### **Kommunehelsetenesta**

Kommunehelsetenesta kan nytte seg av kompetansemiljøet ved RTVS for å halde kurs eller fagdagar der det er behov. **Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale operasjoner** har og kompetanse rundt helseutfordringar relatert til veteranar og veteranfamilien og kan nyttast til informasjon og opplæring.

Kommunane v/Veterankontakt bør og informere om eigen funksjon, her særskilt:

- Kommunepsykolog
- Kommuneoverlege
- Kommunens fastlegar
- Familievernkontoret
- Helsesjukepleiarar
- BUP
- Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk - NAV

#### **Informasjonsmateriell**

Det vert utarbeidd ei kort informasjonsside på kommunane si heimeside der det vert vist til tiltaka i Veteranplanen.

#### **Veteranhús**

Veteranforeininga på Haugalandet, som har medlemmar frå kommunane som er omfatta av denne planen, disponerer eit hus i Austbøvegen i Karmsund, Karmøy Kommune. Huset vert nytta til ulike medlemsaktivitetar for veteranar og nærståande av veteranar, og er organisatorisk uavhengig av NVIO Haugalandet. Kommunane anerkjenner veteranforeininga sin bruk av dette huset.

## Innsatsområde 3 – Oppfølging og omsorg

### Oppfølging

Oppfølging vil skje med bakgrunn i et definert behov. I de tilfella der veteranar har fått utfordringar som følgje av si teneste i internasjonale operasjonar, vil dette og kunne få følgjer for deira familie og pårørande. Problematikken kan være kompleks og involvere fleire kommunale instansar.

Samhandling og forståing for dei ulike faginstansane si betydning i handtering av komplekse problemstillingar kan vere viktig for ei heilskapleg oppfølging. Forsvaret har lagt til rette for at den enkelte veteran kan få overført sin militære helsejournal frå Forsvaret til fastlege eller andre helseinstitusjonar, dersom veteranen ønskjer dette.

Forsvaret har ei avgrensa oppfølging av veteranar ved Forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMPS) og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP) som strekker seg i eitt år etter teneste. Dette er eit lågterskeltilbod for veteranar frå internasjonale operasjonar.

### Tiltak

#### *Skule og barnehage*

Kommunane skal sikre opplæring til tilsette i skular og barnehagar om borns mogelege reaksjonar på foreldre si tenestegjering i internasjonale operasjonar. Auka merksemd og innsats overfor familiene bidrar til å redusere stress og helseproblem. For tilsette i skular og barnehagar er det særleg viktig å vere informert og ha kunnskap som gjer at barn blir ivareteke på ein god måte.

Det er viktig at familien gjev informasjon til lærarar og barnehagepersonell slik at problem kan førebyggjast. Forsvarets veteraneneste, RVTS og helsejukepleiarar kan vere viktige ressursar, forutsett at dei har rett kompetanse. Skulane bør vurdere å nytte lokale veteranar i undervisning, for eksempel i samband med FN-dagen, eller der det vil passe med undervisningsplanar.

#### *Kompetanseheving og informasjon til fagpersonar i kommunane*

Kommunane kan ved behov, og i samarbeid med lokale og regionale ressursar, legge til rette for fagdagar om relevante tema for veteranar. Gjennom KS læring finnes det modulbaserte E-læringskurs, der tenestene sjølv kan velje modular som er relevante.

#### *Kommunehelsetenesta*

Kommunen sine helsetasjonar skal være merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og vugleiring til familiar der eitt eller fleire familiemedlemmer er eller har vore i internasjonale operasjonar. Helsejukepleiar skal sikre oppfølging av familién, og ha eit særskilt auge for borna i familién som ein møter på helsetasjonen og i skulehelsetenesta. Om naudsynt kan helsejukepleiar vise vidare til andre støtte- og hjelpetilbod som for eksempel lågterskel psykologteneste. Helsejukepleiar kan og vere ei god støtte for familién og kan gje informasjon om andre støtte- og hjelpetilbod.

### Evaluering

Ei første evaluering av den interkommunale veteranplanen skal utførast innan utløpet av 2026, og seinare minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

## Vedlegg 1:

### Tiltaksoversikt

Tiltak	Omtale av tiltaket
Markering av Frigjerdings- og veterandagen 8. mai og FN dagen 24. oktober	Lokale markeringar er av betydning for å famne flest mogeleg og bidrar til å synleggjere at veteranar og er ein del av lokalsamfunnet. Det er ønskeleg at det blir årleg felles markering i kommunane saman med veteranforeininga i distriktet.
Bruk av veteranar frå internasjonale operasjonar sin kompetanse i nærmiljøet	Veteranar frå internasjonale operasjonar er ein ressurs som kan anerkjennast ved at kommunane nyttar kompetansen i nærmiljøet. For eksempel i samband med FN-dagen 24. oktober, eller der det passer med opplæringsplanar, bør skulene vurdere å nytte lokale veteranar i opplæringa. Dette vil synleggjere veteranane sitt bidrag i internasjonale operasjonar. Veteranforeiningane har utarbeidd lister med ressurspersonar.
Kommunal veterankontakt	Forsvaret oppfordrar kommunane til å utpeike ein veterankontakt. Denne vil være et viktig kontaktpunkt for veteranar, deira familie, samt andre aktørar innanfor veteranområdet  Kommunane som er omfatta av denne planen har ein felles Veterankontakt som har ansvar for å sikre årlege møtepunkt mellom kommunane og veteranane i regionen gjennom Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO), avdeling Haugalandet.
Kommunehelseteneste	Kommunen sine helsestasjonar skal være merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og vegleiing til familiar der eitt eller fleire familiemedlemmer er eller har vore i internasjonale operasjonar.
Informasjonsmateriell	Det vert utarbeidd ei kort informasjonsside på kommunane si heimeside der det vert vist til tiltaka i Veteranplanen.
Veteranhус	Veteranforeininga på Haugalandet, som har medlemmar frå kommunane som er omfatta av denne planen, disponerer eit hus i Austbøvegen i Karmsund, Karmøy Kommune. Huset vert nytta til ulike medlemsaktivitetar for veteranar og nærståande av veteranar, og er organisatorisk uavhengig av NVIO Haugalandet. Kommunane anerkjenner veteranforeininga sin bruk av dette huset.
Skule og Barnehage	Kommunane skal sikre opplæring til tilsette i skular og barnehagar om borns mogelege reaksjonar på foreldre si tenestegjering i internasjonale operasjonar.

	Skulane bør vurdere å nytte lokale veteranar i undervisning, for eksempel i samband med FN-dagen, eller der det vil passe med undervisningsplanar.
Kompetanseheving og informasjon til fagpersonar i kommunane	Kommunane kan ved behov, og i samarbeid med lokale og regionale ressursar, legge til rette for fagdagar om relevante tema for veteranar.
Evaluering	Ei første evaluering av den interkommunale veteranplanen skal utførast innan utløpet av 2026, og seinare minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

## Vedlegg 2:

### Veteranorganisasjonar og likepersonsarbeide

#### *Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner – NVIO*

Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner – NVIO, er representert med lokalforeiningar i fleire kommunar i Norge. I vår region er det NVIO – avd. Haugalandet. Dette er ei aktiv forening som jamnleg held foredrag eller andre arrangement, enten for medlemmar eller for alle veteranar. NVIO driftar og kameratstøttetelefonen der veteranar kan ta kontakt for anonym samtale. Telefonnummer er 800 48 500.

Kameratstøtte byggjer på prinsippa til likepersonarbeidet sin definisjon: «Ei samhandling mellom personer som opplever å være i samme båt, det vil si samme livssituasjon, og hvor selve samhandlinga har som mål å være ei hjelp, støtte eller veiledning partene imellom.»

Målet med ordninga er å sikre at veteranar får tilgang til ein støttande prat med ein annan veteran. Kameratstøtte er organisert hjelp, støtte og rådgjeving gjeve til veteranar og deira familiær som treng det.

NVIO si kameratstøtteordning skal arbeide for meir openheit omkring psykisk helse – i eit samspel mellom aktivitetar, kurs, samtalar og utdanning. Dette vert gjort gjennom anerkjenning, synlegheit, samfunnsengasjement og fremjing av veteransaka.

*Visjonen til NVIOs kameratstøtteordning er å bidra til en helhetlig ivaretakelse av alle veteraner og deres familiær.*

Kameratstøtteordninga skal jobbe med å byggje ned stigma innan psykisk helse ved å få fleire til å fortelje si historie og forsterke kameratskapen med likesinna. Målet er at kameratstøtte skal skje på alle plan, skal vere enkelt å bruke, vere ein god samtalepartner og los inn til det sivile hjelpeapparatet.

#### *Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale tjenester Veteranforbundet*

SIOPS – Skadd i internasjonale tjenester har hovudkontor i Oslo, med eit landsdekkande likepersonsnettverk, POC (point of contact). SIOPS har hovudsakeleg fokus på skadde veteranar og deira familiær og tilbyr forskjellige meistringsaktivitetar i tillegg til rådgjeving. SIOPS har stor kompetanse på mellom anna helse, økonomi og erstatningsspørsmål.

Der finnes også fleire lokale veteranforeiningar rundt om i landet. Kommunane vert oppfordra til å bruke desse foreiningane som dei kapasitetane dei er.

## Vedlegg 3:

### Forsvaret sitt tilbod

Forsvaret har ei rekke tilbod til veteranar og deira familiær både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Forsvaret har eit oppfølgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Nokon tilbod og kontaktpunkt kan nyttast livet ut.

#### *Før, under og etter operasjonen*

Før utreise arrangerer Forsvaret fellessamling for soldatane og deira familiær. Her får familién informasjon om operasjonen og tryggleikssituasjonen. Dei får også tips og råd om korleis dei best kan ta vare på born og forhold. Familién får også treffe andre pårørande.

Under utanlandstenesta har Forsvaret ein 24-timers kontakttelefon for pårørande. Via denne telefonen kan viktige meldingar formidlast til de som er ute. Forsvaret arrangerer og familiesamlingar undervegs der det er hensiktsmessig, og vidareformidlar der informasjon til dei pårørande frå operasjonsområdet.

På veg heim frå operasjonen har dei som er i teneste som regel eit opphold på to til tre dagar, ei såkalla «mellomlanding». Under mellomlandinga vert det gjennomført «debrief», samtale med psykolog samt erfaringssinnhenting. Ved heimkomst til Noreg vert det gjennomført ein medaljeseremoni for å heidre soldatane. Pårørande blir invitert til seremonien. I eitt år etter heimkomst har Forsvaret eit oppfølgingsansvar.

Etter tre til seks månadar får alle ei spørjeundersøking frå Forsvaret. Her stilles det ein del spørsmål om korleis den første tida etter heimkomst har vore. Etter eitt år arrangerar Forsvaret ei samling der personell møtes igjen for å dele erfaringar om korleis det var å komme heim. Her deltar og psykolog.

Forsvarets oppfølgingsplikt blir avslutta etter eitt år frå heimkomst (for ikkje stadig tenestegjerande personell). Alle kan likevel kontakte Forsvaret med spørsmål om rettigheter, hjelp og tilbod.

### *Forsvarets Veteransenter – Bæreia*

Forsvarets Veteransenter ligg på Bæreia utanfor Kongsvinger og er eit rekreasjons- og aktivitetstilbod som kan nyttast av alle veteranar og deira familiær.

Forsvarets veteransenter tilbyr gratis opphold for veteranar og familiær. Senteret kan og nyttast under permisjon frå utanlandsteneste. Det vert og arrangert gjensynstrekk for avdelinga ved senteret.

Forsvarets Veteransenter har og den døgnbemanna tenesta «Åpen dør».

### *Forsvaret Veteranjeneste*

Forsvarets Veteranjeneste er eit tilbod til alle veteranar og deira familiær. Her kan ein få svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon eller informasjon om internasjonale operasjonar. Ein kan også få informasjon om Forsvaret og samfunnets ulike tilbod til veteranar, uavhengig av når og kvar tenesta var.

Forsvarets Veteranjeneste består av eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og vegleiding til veteranar og deira familiær. Dei fleste i dette teamet er også sjølv veteranar. Forsvarets Veteranjeneste vert leia av Veteraninspektøren.

## Vedlegg 4:

### Oversikt over lokale kapasiteter

Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner, avdeling Haugalandet

<https://haugaland.nvio.no/>

<https://www.facebook.com/nviohaugalandet/>

[post@haugaland.nvio.no](mailto:post@haugaland.nvio.no)

### Oversikt over nasjonale kapasiteter

«Åpen dør» - Forsvarets Veteraner

Telefon: 800 85 000 – Epost: [veteraner@mil.no](mailto:veteraner@mil.no)

IMPS - Institutt for militærpsykiatri og stressmestring

Telefon: 23 09 79 30 – Epost: [fsan.nmp@mil.no](mailto:fsan.nmp@mil.no)

Veteranforbundet SIOS – Skadd i internasjonale operasjoner

Telefon: 22 69 56 50 - <https://www.siops.no/kontakt>

NVIO – Norges veteranforbund for internasjonale operasjoner

<https://nvio.no/>

Kameratstøtte

Ring kameratstøttetelefonen 800 48 500 for å snakke med en veteran. Her kan du være anonym.

Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging – RVTS Vest

Telefon: 55 97 66 95

NAV – Kompetansemiljøet for veteransaker

<https://www.nav.no/veteran>